



Alver kommune
plan- og byggesak

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18132 - 21/3395

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
18.01.2021

Korrigert adm. vedtak saknr. 1416/20: Godkjenning etter jordlova til deling av driftseining GBNR 91 /6 frå GBNR 97/5 og omdisponering og frådelling av gammalt bustadhus på GBNR 91/6

Administrativt vedtak **Saknr: 087/21**
Tiltak:
Eigedom: Gbnr:91/6
Tiltakshavar: Kristen Laastad

Vedtak :

Alver kommune gjev med heimel i jordlova § 12 samtykke til deling av: Driftseining GBNR 97/5, 91/6 og 99/8, der GBNR 91/6 vert delt frå GBNR 97/5.

Alver kommune gjev med heimel i jordlova § 9 og 12. Omdisponering og frådelinga som omsøkt av gammalt bustadhus på GBNR 91/6

Vedtaket er gjeve på følgjande vilkår:

- GBNR 91/6 vert overdrage som tilleggsjord til GBNR 91/5

For frådelling av det gamle bustadhuset på GBNR 91/6 er det eit vilkår at det vert gjeve dispensasjon og delingsløyve etter plan og bygningslova og at det vert gjort skriftleg avtale om kven som skal ha gjerdeplikt rundt tomten.

Dette vedtaket erstattar administrativt vedtak saknr i saknr: 1416/20, datert 29.12.2020.

Ved ein inkurie har ikkje henvising til lovheimel om omdisponering etter jordlova § 9 ikkje komen med i vedtaket. Omdisponering er vurdert i saka, men utegløymt i vedtaket. Saksutgreiing er lik som i sak 1416/20, og det er berre henvisning til lovheimel i vedtaket som vert endra.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/18132

Bortfall av løyve

Samtykke til deling fell bort om oppmåling ikkje vert rekvirert innan 3 år etter at delingsvedtaket vart fatta, jf. jordlova § 12 (8). Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nytta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett i gang innan tre år etter at vedtaket er gjort, jf. jordlova § 9 4.ledd.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune
Kristen Laastad

Lindåsvegen 1985

5955 LINDÅS